

**Fra:** erlend.kleiveland@gmail.com  
**Sendt:** søndag 20. mars 2022 10:49  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Sak 22/1708 - 22/20259

Hei

Det vert vist til Dykkar brev, sak 22/1708 - 22/20259.

I brevet går det fram at «Alver kommune har i årsrapport frå Biovac AS motteke melding om at det ved service av minireinseanlegg ditt den 07.10.2021 vart det registrert at anlegget må tømmast.»

Underteikna har hatt minireinseanlegget i drift sidan 2005 og det har stort sett vorte tømt kvart år. Det er serviceleverandøren på anlegget som gjev melding om kor tid det bør tømmast. Vanlegvis har eg overlate bestillinga av tømning til serviceleverandøren, men eg avtala denne gongen at eg ville tinga tømning sjølv. Som det går fram av dokumentasjon under vart anlegget tømt 4 dagar etter servicebesøket.

Det er veldig bra at kommunen tek tak i potensiell ureining, men eg stiller meg undrande til at eg over 5 månader etter servicebesøket får 3! månader frist til å få anlegget tømt. Etter mi meining burde fristen vore mykje kortare på slike saker så lenge det ikkje finst store hindringar for å få gjennomført tømning, og Norva24 kan stilla på relativt kort tid.

I tilbakemeldingsskjemaet går det fram at «*Skjemaet skal sendast straks etter at renseanlegget er tømt til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller til Alver kommune, Postboks 4, 5906 FREKHAUG.*».


Som det går fram av dokumentasjonen under vart tanken tømt 4 dagar etter servicebesøket. Eg innser at tilbakemeldinga no vert sendt inn over 5 månader etter tømninga, og ikkje «*straks etter at renseanlegget er tømt*» slik det vert kravd. Beklagar dette, men eg meiner at eg ikkje kan lastast for dette forholdet.

Til orientering har eg tidlegare i vinter meldt meg inn i den årlege slamtømmeordninga til NGIR sidan anlegget stort sett har måtta tømmast kvart år.

Eg har ikkje fylt ut noko skjema då det ikkje kunne fyllast ut elektronisk. Det kunne berre lastast ned som PDF og elektronisk utfylling krev då at eg har Acrobat fullversjon. Manuell utfylling krev at eg har fungerande skrivar. Eg oppmodar kommunen til å leggja til rette for ein meir framtidsretta måte å melda tilbake informasjonen på, manuell utfylling av eit PDF-skjema er etter mi meining ikkje det.

**Her er opplysningane som står i skjema at eg skulle fylla ut:**

ArkivsakID: 22/1708 - 22/20259

Gbnr: 35/1  
Adresse: Nævdal 133  
Tiltak: Avvik avløpsanlegg  
Eigar: Erlend Kleiveland  
Kort utgreiing om arbeidet: Anlegget vart tømt 4 dagar etter omtala servicebesøk  
Arbeidet er utført av: Norva24  
Stad og dato: Nævdal, 20.03.2022  
Underskrift: 

Dersom det likevel vert kravd at tilbakemeldingsskjemaet skal fyllast ut manuelt, ber eg om å få det tilsendt i posten.

#### Dokumentasjon på tømning:

MIN KOMMUNE	MIN RENOVATØR	MIN TANK
<input type="text" value="Alver"/> Alver kommune <a href="http://www.lindas.kommune.no">www.lindas.kommune.no</a> 56 37 50 00 NGIR <a href="http://www.ngir.no">www.ngir.no</a> 56343310	<b>Norva24 Birkeland</b> <a href="http://norva24.no/vare-avdelinger/">norva24.no/vare-avdelinger/</a> 57 78 11 70 Køyreplanen for dei neste to vekene inneheld planlagde oppdrag i Alver kommune. Søk opp din tank for detaljar. <b>VIS KØYREPLAN</b>	35 <b>TANK 15</b> Siste tømning Neste tømning Tanktype Tankvolum

Mvh.  
Erlend Kleiveland  
Nævdal 133  
5957 Myking  
Tlf 41 51 91 42